Rogaland fylkeskommune

Seksjon for kulturarv

**Karmøy kommune**
Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:
**23/10064**
Dato: **06.12.2023**
Saksnr.: **2023/70764**
Dok.nr.: **3**
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

## Karmøy kommune - gnr 38 bnr 4 - dispensasjon - terrengendring og større opning i eksisterande løe – fråsegn vedrørande kulturminne

Fylkesdirektøren viser til søknad terrengendring samt å lage større opning i den nordaustre veggen på eksisterande løe, på gnr 38 bnr 4 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4.

Vi har på den bakgrunn ingen merknader til tiltaket, utover at ein under opparbeidinga av området prøver å unngå inngrep i /skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Fylkesdirektøren vil avslutningsvis understreke at sjølv om det pr. i dag ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet, må eventuelle funn ved gjennomføringa av tiltaka straks bli melde til Rogaland fylkeskommune, og alt arbeid må stansast inntil vedkommande myndigheit har vurdert/nærare dokumentert funnet, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

Helsing

| | |
|---|---|
| Leif Håvard L. Vikshåland | Angunn Skeiseid |
| fagleiar | spesialrådgjevar |

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland

Rogaland fylkeskommune

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*